

MEDDELELSER

FRA

DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 5

Oktober 1935

33. årgang

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, dr. agr. Aasulv Løddesøl



JOHANNES OKKENHAUG.

DEN 28. JULI døydde Johs. Okkenhaug i ein alder av 78 år. Med honom er eit rikt og fruktberande liv i arbeid for norsk jordbruk gåt burt. Det største og viktugaste arbeid la han ned som styrar av Nord-Trøndelag fylkes landbruksskole på Mære gjennom 27 år, og ved sida herav som styremedlem og formann i Nord-Trøndelag landbruksselskap eit halvt hundraår. Her la han ned si arbeidskraft og si innsikt for mange tiltak i jordbruket, ikkje berre i sitt fylke, men for det heile land.

I dette høve vil eg få lov å minna om hans arbeid for myrsaka, og her er namnet hans serleg knytta til oprettinga av Det norske Myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra.

Då Det norske Myrselskap tok op arbeidet for å få ein fast forsøksgard i myr dyrking, fekk det ei god støtte i Nord-Trøndelag landbruksselskap (Nordre Trondhjems landhusholdningsselskap). Okkenhaug var formann her, då landbruksselskapet den 12. juni 1907 gjorde vedtak om inntil vidare å yta eit årleg tilskot til ein fast forsøksgard i myr dyrking på Mæresmyra, på det vilkår at Det norske Myrselskap overtok oprettinga og den seinare drift. Samtidig med dette vedtak vart retta ei



Landbruksskolestyrar Okkenhaug.

oppmoding til Mære jordbruksskole å stilla jord og husrom til disposisjon i den fyrste tid, på rimelege vilkår. Då Okkenhaug var styrar av skolen, gjekk dette lett igjennom. Mære jordbruksskole overlot både jord og husrom avgiftsfritt.

Det norske Myrselskap tok imot dette tilbod, og arbeidet med forsøkgarden tok alt til hausten 1907. Når denne sak kunde realisereast so snart, so er sikkert grunnen den at landbruksselskapet og Mære landbruksskole stilla seg so velviljug. Den fyrste tida for forsøkgarden var ei vanskeleg tid. Det var difor godt å ha landbruksskolen i nærleiken, og her vart ein alltid møtt med forståing når det var spørsmål om ei eller onnor hjelp til forsøkgarden.

Gjennom si undervisning på landbrukssolen vart Okkenhaug snart klar over at det måtte praktisk-vitskapleg forskning til ogso i jordbruket, skulde det verta framgong. Det var sikkert mange uløyste spørsmål å treffa på når ein skulde undervisa i jordbruk, og kanskje ikkje minst når det galdt myrkulturen. Med forskning på dette felt skulde dei mange store vidder av myrjord i landet vårt verta teken til dyrking. Det må vel kunna segjast at dette syn har slege til, og Okkenhaug skal ha vår besste takk for at han hjelpte til å arbeida denne sak fram.

På Mære kyrkjegard er Johs. Okkenhaug gravlagd, i nærleiken av Mære landbruksskole. Eit stort fylgje fylgde han til den siste kvilestaden den 5. august.

I takksemd for hans innsats for myrsaka i landet vårt vart lagt ein krans på hans bære frå Det norske Myrselskap.

Hans Hagerup.

LANDBRUKSDIREKTØR O. T. BJANES.

60 ÅR DEN 24. AUGUST 1935.

LANDBRUKSDIREKTØR O. T. BJANES fylte 60 år den 24. august i år. Det norske myrselskap vil få benytte denne anledning til å bringe landbruksdirektøren sin hjertelige hilsen og hertil knytte våre beste ønsker for årene fremover.

Landbruksdirektør Bjanes er bondegutt fra Fet i Akershus. Etter avsluttet eksamen ved Landbrukshøiskolen i 1899 studerte han vei-, bro- og vassbygning ved Trondheims tekniske læreanstalt. I 1899—1906 var han ansatt som landbruksingeniørassistent i Trøndelag, fra 1906—17 som konsulent i Landbruksdepartementet, derefter 1 år direktør for Landbruksdepartementets produksjonskontor og siden 1918 landbruksdirektør.

Det vil her være på sin plass å nevne at herr Bjanes i den tid han var knyttet til landbruksingeniøretaten utførte et meget